

Lofottorsken vil ikkje til Lofoten

KABELVÅG: Det er stilt i Vestfjorden. For første gong på 150 år er ikkje fiskerioppsynet sett på dei tradisjonelle fiskeplassane i Lofoten. Det trengst ikkje. For her er ikkje skrei.

Arvid Bryne

arvid.bryne@gmail.com

Så lenge det har vore skrive historie her i landet, har skreien kome frå Barentshavet inn til Lofoten for å gyta ein gong mellom januar og mars. Det er sagt at Nidarosdomen er bygd på skrei og Bergen på tørrfisk frå Lofoten. Magnus Lagabøte måtte revidera det som alt på hans tid fanst av lover for fiske for at dei skulle verta tidhøvelege. Sidan har fiskarar årvisst kome til Lofoten frå kystområda heilt sør til Rogaland. Dei opplevde gode år og dårlege år, dei fekk eventyrfangstar eller dei sleit og fraus og krangla og slost. Skreien kom like sikkert som årstidene. Men ikkje alltid i like store kvanta.

I år vil han ikkje inn i Vestfjorden. Han står på utsida av Lofoten og gyt, slik han òg gjer nokre stader utanfor Troms og Finnmark. Dei som fiskar i Vesterålen og Troms, går mot eit av dei beste åra sine nokosinne. I Troms er det til no i år innført 8000 tonn meir torsk enn på same tid i fjor. I Finnmark er det registrert ein kvantumsauke på mest 50 prosent. Sams for all denne fisken er at han er liten, samanlikna med den som i tidlegare år vart fiska i Aust- Lofoten.

Menneskeskapt?

Forklaringa på at torsken ikkje lenger kjem til Lofoten, har mest samrøystes vore menneskeskapt aktivitetar, i fremste rekkje auka utslepp av klimagass. Dei har ført til ein auke i temperaturen i havet til eit nivå som ligg for høgt for gytetorsken.

Forskarar som ikkje utan vidare godtek dette som einaste forklaring, vert skulda for å vera «klimabøller».

Då må òg fiskeskipper Harald Hansen frå Lyngvær i Lofoten vera ei klimabølle. Eg tala med han og broren Gunnleif medan dei bøtte garn til snurrevaden som dei fiskar med på fiskekutteren «Harto».

– Det som er dokumentert, er at sjøtemperaturen i Lofoten har stige med 1–2 grader. Men det er ikkje dokumentert at det er denne auken som gjer at skreien ikkje kjem inn hit.

– Kva meiner du med det?

– Det er to årsaker til at torsken gjev seg ut på vandring, som i tidlegare tider enda i Lofoten. Ein talar om gytvandring og næringsvandring. Ein har òg

trudd at når torsken vandra for å gyta, så tok han ikkje til seg næring, om lag som ålen når han er på veg til havet. Men no ser vi at det ikkje er rett. Vi finn gytetorsken full av sild. I år, som i fjor, står silda i store mengder på utsida av Lofoten og Vesterålen. Mykje tyder på at denne silda er ein medverkande årsak til at skreien stoggar der og ikkje kjem lenger, seier Harald Hansen.

Han er medlem av Senterpartiet og var i ein fireårsperiode frå 1995 ordførar i Vågan kommune. Han er òg medlem av styret i Noregs Fiskarlag.

Vasskraft

– Ein må òg sjå nærare på om det kan finnast anna menneska gjer som påverkar miljøet i havet. For Lofoten er det nærliggjande å spørja kva for påverknad utsleppet frå dei tjue kraftverka som ligg rundt Vestfjorden, har på saltinnhald og temperatur. Det er eit forskingsarbeid som i mange år har vore hindra av at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har nekta å gje frå seg talmateriale. Det meste av straumproduksjonen går føre seg om vinteren; då kjem òg det meste av ferskvassutsleppet, seier han.

– Før i tida, fram til midten av 1980-åra, dreiv folk frå Havforskningsinstituttet i Bergen årvisst merking av skrei i Lofoten. Då registrerte dei storleik på fisken, temperatur og saltinnhald i vatnet. Eg tykkjer det er dumt at vi ikkje lenger får slike data som kan fortelja oss om viktige endringar i det havet som gjev levebrød til så mange.

Harald Hansen fortel at det den første fredsvinteren etter krigen vart fiska 138.000 tonn skrei i Lofoten. I fjor var totalkvantumet mellom 20.000 og 30.000 tonn.

Mange trugsmål

I det meir enn halve hundreåret som er gått sidan krigen, har livet i havet vorte meir pressa enn nokon gong. Utsleppet av alle slag giftstoff, tungmetall og radioaktivitet har auka dramatisk. Fartya som jagar fisken, er vortne større og meir effektive. For ikkje mange år sidan var det meir enn 3000 trålarar som drifta langs dei europeiske kystane og i Barentshavet – og då er ikkje alle dei russiske medrekna. Storbritannia åleine hadde 1600. Berre rundt 100 var norske.

– Kva hender med fiskestammer som vert truga så kraftig frå så mange hald? Dei freistar reprodusera seg tidlegare. Torskestamma i Barentshavet har endra oppførsel og gyt no langs finnmarkskysten, i Troms og utanfor Lofoten, medan dei er langt yngre og mindre enn artsfrendane deira var før. Difor er det gale å tru at all lofottorsk er fødd i Henningsvær, seier Hansen med ein smil.

Men han er heilt viss på at skreien ein dag kjem attende, til stadene der han retteleg høyrer heime.